



Saksutgreiing

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.
Formannskapet

Møtedato
03.06.2014

Saksnr
034/14

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-020	Arkivsaknr 14/477
-------------------------------	------------------	----------------------

Høyring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kommunereforma

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.05.2014	Høyringsnotat med frist 25 juni 2014.pdf	52581
14.05.2014	Høyring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtaler før iverksetjing av kommunereforma	52580

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune meiner det kommunale sjølvstyre må gå framfor statleg kontroll av kommunestyret sine vedtak om låneopptak og leigeavtaler. Gjennomføring av kommunereform forsvarar ikkje den sterke inngripen i det kommunale sjølvstyre.

Handsaming i Formannskapet 03.06.2014:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke

FSK-034/14 Vedtak:

Jølster kommune meiner det kommunale sjølvstyre må gå framfor statleg kontroll av kommunestyret sine vedtak om låneopptak og leigeavtaler. Gjennomføring av kommunereform forsvarar ikkje den sterke inngripen i det kommunale sjølvstyre.

Saksutgreiing:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring lovforslag om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtaler før iverksetting av kommunereform. Framlegget til lovendring går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtaler ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen. Framlegget til lovendring gjeld for budsjettåra 2015–2017. Departementet tek sikte på at lov-endringa skal gjelde for vedtak om budsjettet for 2015. Kravet om statleg godkjenning har som føremål å førebyggje at lån, investeringar eller lokaliseringar lokalt skaper usemje mellom kommunar som kan vere aktuelle kandidatar for samanslåing. Departementet vil altså unngå at kommunane gjer strategiske investeringar som tilpassing til kommunereforma.

Denne styrkinga av den statlege kontrollen krev ei endring i kommunelova. Endringane vil innebere at også dei kommunane som ikkje er registrerte i ROBEK etter kommunelova § 60 nr. 1, vil bli underlagde lånegodkjenning.

Statleg godkjenning av kommunale vedtak er eit sterk verkemiddel. Krav om statleg godkjenning inneber at eit vedtak i kommunestyret ikkje er gyldig før det har blitt godkjent av statlege styresmakter. Ei godkjenning av eit vedtak inneber både ein lovleg-kontroll og ein kontroll av realiteten i vedtaket, det vil seie om vedtaket er tenleg.

Vurdering

Sentrale styresmakter vurderer auka statlege kontroll med kommunane. Departementet legg til grunn at ein må ein vege omsynet til det kommunale sjølvstyret mot det statlege behovet for kontroll.. Vidare legg ein til grunn at ein for å sikre samanslåtte kommunar etter kommunereforma dei best moglege vilkåra for drifta og utviklinga vidare, kan vere behov for styrka statleg kontroll i åra fram mot reforma. Rådmannen vurderer at terskelen for statleg inngrep i det kommunale sjølvstyret bør vere svært høg ut over dei føringar som vert gjennom statsbudsjett, og som alt er lovfesta i kommunelova og ei rekke særlover med forskrift og rundskriv.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	14.05.2014	Kommunal- og Moderniseringsdepartementet	Høyring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtaler før iverksetjing av kommunereforma